

Ny Meland ungdomsskule og mangel på handlekraft

FAU, elevrådet og SU er svært uroa for plassmangelen og tilstanden til bygningsmassen på Meland ungdomsskule. Saka om ny skule er atter ein gong utsett i Meland kommunestyre, og det vert Alver kommune sitt ansvar å få på plass skulen som vi har venta på i snart 50 år. Vi vender oss no til dei tre ordførarane i nye Alver kommune og krev at denne saka må få høg prioritet i den nye kommunen.

Dette er historia til bygningane der Meland ungdomsskule held til i dag:

- Hovudbygget vart bygd kring 1920 som folkehøgskule og vart Meland ungdomsskule i 1966.
- Bygget med naturfagsalen, sløydsalen og to klasserom kom på 1960- og 1970-talet. Eit brakkebygg for 8. trinnet kom på slutten av 1980-talet, og 11 år seinare kom eit permanent bygg som erstatta brakkene.
- Det siste påbygget kom i 2000 og inneheld kantine og ein del klasserom.
- I 2019 vil det kome modular (brakker) som skal huse dei elevane som ikkje får plass.

Alt på 1970-talet var det kommunestyrevedtak om å bygge ny ungdomsskule. Då var det 2664 innbyggjarar i Meland kommune. Etter dette har Meland vore gjennom ein eventyrleg folketalsauke og i 2019 har Meland kommune 8120 innbyggjarar. Det er framleis ikkje bygd ny ungdomsskule, trassi at saka har vore på den politiske dagsordenen i lang tid. I 2012 vart privatskulen Danielsen ungdomsskule Frekhaug etablert og har dette skuleåret om lag 150 elevar. Dette vart nok ei sovepute for Meland kommune som kunne utsette satsing på sin eigen ungdomsskule.

Korleis er tilstanden på skulebygga i 2019?

Vi trur ikkje politikarane og innbyggjarane veit korleis tilstanden til bygningane er. Ungdommane våre oppheld seg her om lag 30 timar i veka, lærarane enda meir. Her er nokre døme:

- Ventilasjon: Ventilasjonsanlegget på naturfagsalen trengde ein ny del, men anlegget var så gammalt at delen måtte spesialbestillast og dette tok tid. Elevane kunne ikkje gjere kjemiforsøk på om lag 8 veker.
- Gymsal: Skulen har ikkje eigen gymsal og må leige folkehøgskulen sitt gymsalbygg og Meland aktiv for å få kabalen til å gå opp. Elevane må bruke delar av gymtimane sine til å gå opp til Meland aktiv. Ikkje noko gale i å gå, men det inngår ikkje i læringsmåla for gymnastikkfaget. På folkehøgskulen deler ungdomsskuleelevar garderobe med barneskuleelevar som har symjing. Dette vert opplevd som utrygt. Det er stor knappheit på hall- og bassengkapasitet, og både folkehøgskulen og Meland aktiv har sprengt kapasitet.
- Lokale til fellessamlingar: Skulen manglar eit lokale der dei kan samle alle elevane til felles arrangement. Dei fleste skular har jamlege fellessamlingar som er med på bygge opp om læring, fellesskap og motivasjon, men dette har ikkje Meland ungdomsskule. Skulen går også glipp av besøk frå den kulturelle skulesekken, som er eit gratis tilbod til alle elevar i Hordaland.
- Plassmangel: Sjølv om det blir tre nye klasserom på plass frå hausten 2019, vil ein med auka klassesetal dei neste åra få stort press på spesialrom. Med auken i elevar med særskilte behov vil også tilpassa areal bli for lite.
- Støy: Klasseromma er ikkje lydtette nok. Når folk er uti gangane forstyrrar dette timane. I 8. klasse er klasseromma skilt med ei foldedør, som vil seie at dei høyrer kvarandre veldig godt.
- Uteområda: Normtala for uteområdet kjem ikkje til å bli følgt opp når nytt modulbygg er på plass.

- Vedlikehald: Nødvendig vedlikehald og innkjøp av nytt utstyr, slik som stolar, vert utsett då ein stadig ventar på bygging av ny ungdomsskule.

Kva er status for ny ungdomsskule?

Det er ikkje så lett å orientere seg i politiske dokument og prosessar. Difor skriv vi dette brevet til dei tre ordførarane i nye Alver kommune. Vedtak om bygging av Meland ungdomsskule kan og må ikkje utsettast lenger! Det er ikkje vanskeleg å byggje ein skule, men det krev handlekraft. Det er ikkje godt nok å gøyme seg bak at det er vanskeleg å finne tomt, at det vert for dyrt, at administrasjonen ikkje har kapasitet eller at reguleringsplanarbeidet tek så lang tid. Vi veit at kommunen har stram økonomi, men det er ikkje god nok grunn til å vere handlingslamma. Kva med å gje ein av dei tilsette i Meland kommune prosjektleiaransvaret for å få på plass ny skule og sette i gang? Planprosessar kan gå parallelt med prosjektering av ny skule, og finansieringa må sikrast.

Vi står framfor valkamp og kommunesamanslåing, og vi er svært uroa for at ny Meland ungdomsskule i Alver kommune vil verte ytterlegare utsett. Vi ber om at ordførarane Øyvind Oddekalv, Astrid Århus Byrknes og Jon Askeland sett ny skule på sakskartet straks, og at dei tek ansvar for at saka ikkje druknar i alle andre saker som vil komme opp i den nye kommunen.

FAU, Meland ungdomsskule

Elevrådet, Meland ungdomsskule

Samarbeidsutvalet, Meland ungdomsskule